
Vår referanse 2020/78795-3
Dato 05.01.2021

Alver kommune
Postboks 4
5906 FREKHAUG

Uttale - Dispensasjonssøknad for oppføring av bustad med utleigedel - Fv 5314 - Gnr 312 bnr 19 - Alver kommune

Vestland fylkeskommune ved avdeling infrastruktur og veg syner til brev motteke 10.12.2020 der de ber om uttale til søknad om dispensasjon frå LNF-område.

Kva saka gjeld

Alver kommune har motteke søknad om dispensasjon frå planføremaal LNF-område for frådelig av tomt og oppføring av bustad med utleigedel og veg på gnr 312 bnr 19.

Planstatus

Eigedomen ligg i uregulert område innanfor det som i kommunedelplanen sin arealdel for Meland er definert som LNF-føremaal.

Uttale

Vi har tidlegare handsama søknad om utvida bruk av avkøyrslø og gitt førehandstilsegn på vilkår om utbetring for ein bustad med utleigedel. Dette medfører at det ikkje kan gis igangsettingstillatelse (IG) for tiltak på eigedomen før avkøyrslø er utbetra og endeleg godkjenning føreligg. Vi ber om at dette vert sett som vilkår for IG.

Utover dette deler vi betraktningane til Fylkesmannen kva dispensasjon angår og meiner at enkeltdispensasjonar er uheldig.

Vi ber om å få saka til klagebehandling når ho er ferdig handsama.

Med helsing

Hege Løtveit
leiar

Silje Svanevik-Røren
rådgjevar

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift